

## Lyser ut 10 millionar til regionale innovasjonsprosjekt og samarbeidsprosjekt

Prosjekta skal bidra til industriell symbiose knytt til strategiske grøne hubar i Vestland eller å styrke kommunane i Vestland som berekraftig utviklingsaktør. Søknadsfristen er 21. september 2022 og prosjektoppstart i 2023.

PUBLISERT 18. MAI 2022 OPPDATERT 8. FEB. 2023



Foto: Vestland fylkeskommune

Utlysingane er publiserte som førebels. Utlysingstekstan er no ferdige. Du kan opprette søknad frå 10. august.

Kva er tema for utlysingane og kven kan søkje?

### **Industriell symbiose knytt til strategiske grøne hubar i Vestland - for bedrifter**

Bedrifter kan søkje om innovasjonsprosjekt innan dette temaet. Dersom ei stor bedrift søkjer er det krav om samarbeid med ei SMB-bedrift i Vestland

Gå til førebels utlysing [Regionale innovasjonsprosjekt i næringslivet](#)

### **Styrke kommunane i Vestland som berekraftig utviklingsaktør - for kommunar**

Kommunar kan søkje om innovasjonsprosjekt innan temaet. Legg spesielt merke til at her er det krav til samarbeid med ein annan kommune i Vestland og ein godkjend forskingsorganisasjon.

Gå til førebels utlysing [Regionale innovasjonsprosjekt i kommunal sektor](#)

**Forskningsorganisasjonar i Vestland kan søke innan begge tema:** Industriell symbiose knytt til strategiske grøne hubar i Vestland og Styrke kommunane i Vestland som berekraftig utviklingsaktør. Det er krav om minst to norske samarbeidspartnarar frå næringsliv og/eller kommunal sektor i prosjektet. Minst ein må vere lokalisert i Vestland fylke.

Gå til førebels utlysing [Regionale samarbeidsprosjekt](#)

### **Dei ulike søknadstypane**

Alle prosjekta skal ha eit omfattande innhald av forskning og utvikling (FoU) og stimulere til auka innovasjon og berekraftig verdiskaping i Vestland.

[Innovasjonsprosjekt i næringslivet](#) er leia av ei bedrift i Vestland. Prosjektet skal gi eit vesentleg bidrag til innovasjon og berekraftig verdiskaping for bedriftene som deltek i prosjektet og gi samfunnsøkonomiske gevinstar i Vestland fylke. Prosjekta skal bidra til industriell symbiose knytt til strategiske grøne hubar i Vestland.

[Innovasjonsprosjekt i kommunal sektor](#) er leia av ei kommunal verksemd i Vestland. Prosjektet skal gi eit vesentleg bidrag til å styrke kommunane i Vestland som berekraftig utviklingsaktør. Prosjektet skal ta utgangspunkt i behov og utfordringar for kommunane og inngå i dei kommunale verksemdene sine planer for utvikling.

[Samarbeidsprosjekt](#) er leia av ein forskingsorganisasjon i Vestland og skal utvikle ny kunnskap og bygge forskingskompetanse som kommunane og/eller næringslivet i Vestland treng for å møte viktige samfunnsutfordringar. Prosjektet skal stimulere og støtte samarbeid mellom forskingsorganisasjonar og næringsliv/kommunal sektor i

Vestland og danne grunnlag for innovasjon og berekraftig verdiskaping.

## Samla pott på 10 millionar

Kvart forskingsprosjekt kan få mellom 1-3 millionar kroner i støtte. Når vi har 10 millionar i potten til dei tre utlysingane, er det berre rom for å gi støtte til nokre få prosjekt.

**Søknadsfristen er 21. september 2022. Prosjekta kan tidlegast starte opp i 2023.**

Meldinger ved utskriftstidspunkt 15. juni 2026, kl. 11.05 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.